

LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET

Avdeling for skog- og ressurspolitikk

Rundskriv M-XX/XX

**FORSKRIFT OM SETER OG TILLEGGSJORD M.M.
I STATSALLMENNING MED VEILEDENE MERKNADER**

Fastsatt ved kongeleg resolusjon av 22. juni 1984 med heimel i lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) § 38. Endra ved forskrifter fastsett 1. november 1985, 6. oktober 1989, 4. april 2000, 14. desember 2000, og xx xx 200x.

Kapittel I. Utvising av seter**§ 1**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen som godtgjer at det trengst seter til drift av garden, kan få utvist seter anten åleine eller saman med andre jordbrukarar, jfr. § 18 første stykket og § 21 andre stykket i fjellova.

Det kan krevjast at han - eventuelt dei - godtgjer trongen ved til dømes å leggje fram driftsplan.

Merknader:

Spørsmålet om utvisning av seter avgjøres av fjellstyret, jfr forskriftens § 2. I praksis har en stilt krav om melkeproduksjon ved utvisning. Det har normalt også vært stilt krav om at lokale landbruksmyndigheter har anbefalt søknaden. Departementet legger til grunn at en i dag også bør kunne foreta utvisning til formål som går ut over ren melkeproduksjon, for eksempel en driftsform hvor det tas sikte på en kombinasjon av tradisjonell seterdrift og småskala turistmessig virksomhet på setra i form av utleiehusvære, bespisning etc. Beite med ammekyr i kombinasjon med turistmessig utnytting bør også kunne godtas som grunnlag for utvisning, jfr at bruksrett i statsallmenning i henhold til fjellovens § 2 skal "kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva". Tilsvarende vurderinger vil gjøre seg gjeldende i forhold til utvisning av seter falt i det fri til en ny seterbruker, jfr forskriftens § 15. Departementet legger således opp til at en endrer praksis noe i disse sakene.

Utgangspunktet for fjellstyrenes vurderinger må være den bruksberettigedes reelle behov for seter. Ved behandlingen av søknader bør fjellstyrene legge vekt på følgende momenter:

- *Den planlagte etableringen må ta hensyn til lokale tradisjoner.*
- *Etablering av ny seter må ikke skje til fortrenghet for eller til vesentlig skade for eksisterende bruksrettsutøvelse.*
- *Søkerens planer må forutsette dyrehold i allmenningen sommerstid.*
- *Virksomheten må inngå som en integrert del av hoveddriften på den bruksberettigede jordbrukseiendommen, og støtte opp om driften av denne.*
- *Virksomheten må fremstå som en rasjonell bruksform, og planene for virksomheten må være vurdert som hensiktsmessige og levedyktige av lokale landbruksmyndigheter.*
- *Virksomheten bør forutsette en tilnærmet kontinuerlig menneskelig tilstedeværelse.*
- *Virksomheten må fordre en viss bygningsmasse med driftsbygninger og husvære.*

Under vurderingen av søknader forutsettes fjellstyrene å være oppmerksomme på mulige forsøk på å omgå regelverket med sikte på etablering av rene fritidshusvære i statsallmenningene.

Behov for husvær for tilsyn av beitedyr, slipp om våren og samling om høsten, er alene ikke grunnlag for å få utvist seter. Når det gjelder slike henvendelser vises det til § 23 i forskriften, som åpner for å gi tillatelse til oppsetting av nødvendig husvær. I forhold til omdisponering av eksisterende husvære til nye bruksformer vises til § 22 og kommentarene til denne.

§ 2

Søknad om utvisning av seter skal sendast til fjellstyret som gjer vedtak. Før fjellstyret gjer vedtak, skal Statskog ha saka til fråsegn.

Spørsmål om utvisning i barskogområde vert avgjort av fjellstyret og allmenningstyret i fellesskap. Vert dei to styra ikkje samde, gjeld reglane i fjellovas § 9.

Gjeld det utvisning av seter i område som er reinbeiteområde etter vedtak i medhald av lov av 9. juni 1978 nr. 49 om reindrift §§ 2 og 5, skal søknaden leggjast fram for områdestyra til fråsegn før vedtak vert gjort.

Statskog skal ha melding om utvisinga.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til seterbrukaren om utvisinga.

Merknader:

Statskog skal gis anledning til å uttale seg om søknaden, på tilsvarende måte som fjellstyret når det utvises tilleggsjord etter § 6. Søknaden forelegges Statskog ved vedkommende lokal-/distriktskontor.

Seterutvisningen omfatter rett til å drive seter i tråd med utvisningen, tomt til nødvendige hus og et begrenset areal til setervoll som ikke bør overstige 5-10 dekar, med mindre lokal tradisjon tilsier noe annet. Areal ut over dette bør behandles etter bestemmelsene i § 6.

Til utvisningsforretningen benyttes et skjema utferdiget av Statskog. Statskog rekvirerer kartforretning.

§ 3

Utvist seter må takast i bruk innan 5 år, jfr. fjellova § 18 femte stykket. Er setra ikkje teken i bruk fell ho automatisk tilbake til allmenningen.

Når det er gått 5 år sidan utvisinga blei gjort, skal fjellstyret kontrollere at utvist seter er teken i bruk i samsvar med føresetnadane for utvisinga. Dersom det utviste ikkje er teke i bruk innan 5 år skal fjellstyret melde frå om dette til Statskog. I si melding til Statskog må fjellstyret og syte for å gje sitt syn på om seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus eller om utvisinga skal først over til ein annan eigedom i samsvar med fjellova § 20 første stykket eller § 21 første stykket.

Statskog ~~gjer vedtak~~ tek avgjerd om at seterbrukaren skal fjerne eventuelle hus om ikkje utvisinga vert ført over til annan eigedom i samsvar med fjellova § 20 første stykket eller § 21 første stykket og den nye brukaren tek over husa.

Ved overføring av utvist seter, gjeld føresegnene i første, andre og tredje stykket tilsvarande.

Merknader:

Når 5-års fristen er ute, skal fjellstyret foreta en vurdering av om seteren må anses for å være i bruk. Fjellstyrets vurdering sendes Statskog lokalt. Er fjellstyret av den oppfatning at seteren ikke er tatt i bruk, må fjellstyret samtidig gi en uttalelse om hva som skal skje med det utviste arealet, dvs. om utvisningen skal overføres til gårdbruker med beiterett eller om den skal overføres til gårdbruker uten

beiterett, eller om seteren skal tilbakeføres til allmenningen. Dersom det utviste tilbakeføres til allmenningen må eventuelle hus fjernes av den som fikk arealet utvist til seterformål. I de tilfellene der det er Statskog som oppdager at en seter ikke er tatt i bruk, skal det gis varsel til fjellstyret som skal følge saken opp.

Hva som ligger i at en seter er "tatt i bruk" må avgjøres i hvert enkelt tilfelle. Det generelle utgangspunkt må være at den aktuelle bruk er i samsvar med forutsetningene for utvisningen, m.a.o. det formål det er utvist seter til jfr merknadene til § 1 foran.

Kravet til bruk må også anses tilfredsstillt, dersom seterbrukeren innen fristens utløp har truffet tiltak med sikte på å sette opp bebyggelse til seterformål, forutsatt at han deretter følger opp med en drift som tjener seterbruket. I tilfelle bør det ikke aksjoneres før hus er oppført og seterbrukeren ikke innen rimelig tid har tatt bygningen(e) i bruk i samsvar med utvisningens formål.

Forskriftens § 3 tredje ledd gir Statskog hjemmel til å kreve eventuelle hus fjernet. Det er ikke aktuelt å forlange husene fjernet om det vedtas å overføre seteren til annen jordbruker og denne overtar husene. Det presiseres at den nye seterbrukeren ikke er pliktig til å overta husene. Statskog setter en frist for eieren til å treffe avtale med den nye seterbrukeren om overføring av husene

§ 4

Vert setervollen hausta, eller er han gjerda inn og vert nytta til beite av ~~seterbrukaren~~ garden setra tilligger, reknar ein setra for å vere "i bruk" i høve til § 22 i fjellova.

Merknader

Bestemmelsen gir eksempler på hva som skal til for at en seter skal regnes for å være i bruk i forhold til opphørsregelen i lovens § 22.

Det antas ellers å være nødvendig at gården utøver en eksklusiv bruk av setervollen. Det er ikke nødvendig med seterbruk i tradisjonell forstand i form av melkeproduksjon, men seteren må tjene den jordbruksmessige utnyttelse av gården. Også i forhold til seter hvor det foregår småskala turistmessig utnytting legges til grunn at seterbrukeren som et minimum bør høste setervollen eller ha den inngjerdet og nytte den som beite.

For at en seter skal regnes for å være i bruk, må bruken skje ut fra det bruket som seteren tilhører. Isolert bortleie av seter for kortere perioder, d.e. inntil 10 år, er tillatt, men vilkår om at seteren skal være "i bruk" fra garden den tilligger vil da ikke være tilstede. Isolert bortleie av seteren kan være en indikasjon på at vedkommende jordbrukseiendom ikke lenger har behov for setra, og setra bør ikke kunne holdes i hevd ved å dra nytte av andre bruksberettigedes behov.

Kapittel II. Utvisning og utleige av tilleggsjord

§ 5

Utvisning eller bortleie av tilleggsjord skal i størst mogleg utstrekning skje etter planar utarbeide for større samanhengande område, eller i tilknytning til eksisterande seter eller tilleggsjord.

Formålet med planarbeidet skal vere å finna fram til område som kan omdisponerast til tilleggsjord. I planarbeidet skal det gjerast ei avveging av dyrkingsinteressene mot annan bruk

av jorda som til dømes vilt og jakt, friluftsliv, landskapsvern, miljø og eventuelle andre omsyn.

Planane skal utarbeidast av Statskog i samarbeid med fjellstyret og kommunen, og skal leggjast fram for fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, regional kulturminneforvaltning og eventuelt allmeningsstyret og områdestyret for reindriftsområde etter reindriftslova, til fråsegn.

Merknader:

Det er viktig at utvisning av grunn til tilleggsjord skjer planmessig og forskriften etablerer derfor et krav om at planer utarbeides for de aktuelle områder. Kravet til planer er riktignok ikke absolutt, men forutsettes lagt til grunn for de utvisninger som ikke gjelder tillegg til eksisterende parseller eller til eksisterende setre.

Utvisning utenfor planområder forutsettes ut over dette bare å skje i særlige tilfelle. Kommunens medvirkning til planarbeidet vil normalt innebære at de hensyn til landskapsvern og miljø som er nevnt i forskrift om nydyrking er avklart. Kommunen skal imidlertid også, etterhvert som søknader om tilleggsjord kommer inn, vurdere den enkelte søknad konkret. I de tilfellene hvor det søkes om oppdyrking med sikte på maskinell høsting skal kommunen realitetsbehandle søknadene etter nydyrkingsforskriften. Søkes det om beitekultivering skal kommunen avgi uttalelse til søknaden.

§ 6

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller kulturbeite, og eventuelt inngjerding, jfr. § 19 første stykket i fjellova.

Søknad om utvisning av tilleggsjord skal Statskog leggja fram for kommunen, fjellstyret og eventuelt allmeningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding, til beitebruk, skal kommunen gje fråsegn om dei forholda som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking. ~~Anten søknaden gjeld nydyrking eller kulturbeite skal kommunen taka stilling til om løyve til omdisponering er nødvendig etter skogbrukslova § 50, og i tilfelle om slikt løyve kan gjevast.~~

Fjellstyret si fråsegn vert kunngjort. Vert det protestert mot utvisinga, handsamar fjellstyret saka på nytt. Endrar fjellstyret fråsegna, skal det gjerast kjent ved ny kunngjeing.

Statskog gjer vedtak om utvisning av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett.

Er det usemje mellom fjellstyret og Statskog, skal saka leggjast fram for Statskog Hovedkontoret som gjer vedtak.

Setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter, måler Statskog ut etter at fjellstyret har hatt saka til fråsegn.

Statskog skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga.

Merknader:

Når søknad om tilleggsjord kommer inn til Statskog lokalt skal søknaden vurderes opp mot de planer som finnes for området. Dersom Statskog finner utvisning aktuelt skal saken forelegges for de organer som er nevnt i 2. ledd.

I de tilfellene der søknaden omfattes av nydyrkingsforskriften (Forskrift om nydyrking av 2. mai 1997) skal kommunen avgjøre søknaden etter denne forskriftens bestemmelser. Avslår kommunen søknaden

etter bestemmelsene i nydyrkingsforskriften vil saken være endelig avgjort, med mindre vedtaket omgjøres av fylkeslandbruksstyret etter klage fra søkeren.

Kultivering og eventuell inngjerding for beitebruk omfattes ikke av nydyrkingsforskriften. Kommunens rolle i slike saker blir å avgi veiledende uttalelse til søknaden. Uttalelsen bør omhandle de samme forhold som nydyrkingsforskriftens § 5 omtaler, nemlig tiltakets eventuelle innvirkninger på natur- og kulturlandskapsverdiene, samt spørsmålet om det er ønskelig å styrke driftsgrunnlaget for søkerens driftsenhet og om det legges opp til driftsmessig gode løsninger.

Dersom kommunen godkjenner nydyrking skal Statskog likevel ta stilling til søknaden og fatte vedtak ut i fra egen vurdering av saken. I denne vurderingen skal, i tillegg til kommunens godkjenningsvedtak, også inngå de uttalelser som er innhentet fra fjellstyret og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret for reindriften. Nektes utvisning kan dette vedtaket påklages til Statens landbruksforvaltning, jfr denne forskriftens § 25. Klagen sendes gjennom Statskog Hovedkontoret, som etter nærmere vurdering kan omgjøre lokalforvaltningens vedtak eller sende saken til Statens landbruksforvaltning for endelig klagebehandling.

§ 7

Jordbrukar utan beiterett i statsallmenningen kan få leige jord dersom beiterettshavarane ikkje søker om å få jorda utvist, jfr. § 21 tredje stykket, første punktum i fjellova.

Søknad om leige av tilleggsjord skal Statskog lokalt leggja fram for fjellstyret, og eventuelt for allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde for fråsegn. Saka skal vidare leggjast fram for og handsamast av kommunen etter reglane i § 6 tredje stykket i denne forskrifta.

Med samtykke frå fjellstyret kan Statskog gjere vedtak om utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett.

Dei nærare vilkåra for utleige av tilleggsjord til jordbrukar utan beiterett, skal fastsetjast i avtale.

§ 8

Utvisinga til beiterettshavar skjer utan vederlag, men gjeld utvisinga produktivt barskogareal, skal beiterettshavaren yte vederlag svarande til tapt skogproduksjon. Slikt vederlag skal også ytast ved utleige til jordbrukar utan beiterett og kjem i tillegg til vederlag (leige) som vert fastsett for bruken, jfr. fjellova § 21 fjerde stykket, tredje punktum.

Vederlaget skal ytast som årleg avgift fastsett av Statskog lokalt og tilkjem Statskog lokalt når det gjeld overskottsallmenning og allmenningsfondet når det gjeld underskottsallmenning.

Dersom vederlaget vert så lite at det ikkje er praktisk med deling i årlege terminar, kan det krevjast gjort opp ein gong for alle.

§ 9

Utvist tilleggsjord må takast i bruk innan 5 år, jfr. fjellova § 19 andre stykket. Dersom ikkje tilleggsjorda er teken i bruk etter 5 år fell ho tilbake til allmenningen.

Merknader:

Dersom jorden ikke er tatt i bruk innen 5 år faller den tilbake til allmenningen. Det er ikke nødvendig å fatte vedtak om tilbakefall for at tilbakefallet skal være gyldig, idet tilbakefall inntreffer automatisk da vilkårene for utvisningen ikke er oppfylt.

Kapittel III. Tvist om vedtak i sak om utvisning m.v.**§ 10**

Tvist om vilkåra for å vise ut seter ligg føre, vert avgjort ved skjøn, jfr. § 18 fjerde stykket og § 21 fjerde stykket i fjellova.

Krav om skjøn må vere sett fram innan tre veker etter at fjellstyrevedtaket er kunngjort eller det er gjeve melding om det etter reglane i § 10 i lova, jfr. § 34 første stykket, første punktum i lova og § 2, fjerde stykket i denne forskrifta.

Når fjellstyret vil krevje skjøn før det vert gjort vedtak, jfr. § 34 første stykket siste punktum i lova, skal fjellstyret gje Statskog varsel på førehand.

§ 11

Tvist om utvisning eller utleige av tilleggsjord vil føre til vesentlig skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Skjøn må krevjast innan tre veker etter at den som krev skjøn fekk kunnskap om tiltaket eller avtala.

Statskog kan krevje skjøn før det vert gjort vedtak.

§ 12

Dei delar av eit vedtak om utvisning av tilleggsjord som ikkje vert avgjort ved skjøn, kan påklagast, jfr. § 25 i denne forskrifta.

Kapittel IV. Hus på utvist seter**§ 13**

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld dersom fjellstyret vil tillate endring eller utviding av hus på seter.

Merknader:

Fjellstyret skal foreta en konkret vurdering i hvert enkelt tilfelle over hva som anses nødvendig og rasjonelt i forhold til utvisningen mht bygningsmasse og tekniske anlegg. Dette gjelder i forhold til bygninger til mer tradisjonelle seterformål og i forhold til bygninger beregnet på en småskala turistmessig satsing som omtalt i merknadene til § 1 foran. Før fjellstyret fattar vedtak, skal saken forelegges Statskog til uttalelse. Statskog skal ha kopi av fjellstyrets vedtak.

Dersom det er tale om "utradisjonelle seterbygninger" for eksempel endring av bestående bygninger eller oppføring av nye bygninger for småskala turistmessig utnytting er det viktig å være oppmerksom på at det i tillegg til tillatelse fra fjellstyret kan være nødvendig med søknad og tillatelse fra kommunale plan- og bygningsmyndigheter, jfr skillet i plan- og bygningsloven mellom "driftsbygning i landbruket" som har meldeplikt, og andre bygninger som fordrer søknad og tilatelse fra kommunale bygningsmyndigheter (se plan og bygningslovens § 81 og § 93, og forskrift om saksbehandling og kontroll i plan og bygningsaker § 10). Fjellstyret bør ved sin behandling ta forbehold om eventuell godkjenning fra kommunale myndigheter. For øvrig viser departementet også til Miljøverndepartementets og Landbruks- og matdepartementets veileder "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss" - T-1443, 2005.

Dersom fjellstyret finner det aktuelt å tillate eller eventuelt stille vilkår om endring eller utvidelse av eksisterende bebyggelse, eller kreve bebyggelse fjernet, skal fjellstyret gi melding til kulturmyndighetene etter kulturminneloven.

Fjellstyret fører tilsyn med all bygging på setre, kontrollerer at denne foregår i samsvar med forutsetninger fjellstyret har fastsatt i godkjente planer, treffer de nødvendige vedtak når det er bygget i strid med fjellstyrets tillatelse eller vilkår ikke er fulgt, og setter vedtakene ut i livet.

Fjellstyrets vedtak i saker om bygging på utvist seter er enkeltevedtak og gjenstand for klage til Statens landbruksforvaltning, jfr § 24. Det er adgang til å klage over selve vedtaket eller bare over de vilkår som er stilt.

Søknader om ombygging og endring av uthus som det ikke lenger er aktuelt å bruke i forbindelse med seterdriften, og som derved ikke lenger tjener den jordbruksmessige aktiviteten, skal behandles etter forskriftens § 22. Fjellstyret vil således i forbindelse med sin saksbehandling måtte ta stilling til hvilken av bestemmelsene som kommer til anvendelse. Dersom Statskog er uenig med fjellstyret i at saken hører inn under § 13 vil fjellstyrets vedtak kunne påklages til Statens landbruksforvaltning.

§ 14

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa ved like på ordinært vis. Seterbrukaren kan etter samtykke frå Statskog og fjellstyret utvide seterhusa eller setje opp eit nytt seterhus på visse vilkår, som til dømes at hus som alt står skal rivast. § 13 andre stykket i denne forskrifta gjeld tilsvarende. For Statskog tek avgjerd skal fjellstyret ha saka til fråsegn.

Skal seterbrukaren ta opp at seterdrifta, kan seterhusa byggjast om eller utvidast etter reglane i § 13 i denne forskrifta.

Merknader:

Etter loven faller ikke retten til seter bort før den i 20 sammenhengende år har vært ute av bruk som seter. Tilfeldige avbrudd i setringen skal ikke føre til at retten går tapt. Imidlertid må seterbrukeren ha en rett til å vedlikeholde husene, så lenge seteren ikke er falt i det fri. Annet ledd er tatt med for å gjøre det klart at reglene i første ledd ikke skal være til hinder for å bygge opp eller utvide seterhusene med sikte på å gjenoppta seterdriften. Fjellstyret skal påse at seterhus ikke blir utvidet eller hus oppført uten samtykke og at vilkår som er satt, blir overholdt. Det som er sagt under § 13 ovenfor om forholdet til kulturminneloven gjelder tilsvarende.

Saker som skal behandles etter første ledd, sendes til fjellstyret som behandler disse og sender dem videre til Statskog som meddeler søkeren avgjørelsen. Vedtak fattet av Statskog og fjellstyret kan påklages til Statens landbruksforvaltning, jfr §§ 24 og 25.

Kapittel V. Seter fallen i det fri etter fjellova § 22.

§ 15

Seter som er fallen i det fri etter fjellova § 22, kan fjellstyret vise ut til gardsbruk i drift som treng seter. Fjellstyret skal i tilfelle gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om han ikkje innan ei viss tid fører dei over til den nye brukaren.

Før fjellstyret gjer vedtak om fjerning av hus skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Merknader:

Dette alternativet bør fjellstyret velge når forholdene med bruksutøvelsen i allmenningen er best tjent med det. Når det gjelder de formål det kan utvises seter til vises det til merknadene til § 1. Dersom fjellstyret går inn for at husene skal fjernes, må det forelegge saken for kulturminnemyndigheten før vedtak treffes.

§ 16

Vert seter som er fallen i det fri ikkje vist ut til eit anna gardsbruk, kan Statskog gje seterbrukaren løyve til å ha husa ståande utan vederlag til bruk for seg og huslyden dersom fjellstyret samtykkjer. Denne retten skal høyre under garden og kan ikkje skiljast frå han ved overdraging av husa.

Kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett vert rekna like med overdraging om ikkje retten er stifta for kortare tid enn 10 år utan rett for brukaren til forlenging eller fornying av kontrakten.

§20 i denne forskrifta gjeld tilsvarande for løve etter første stykket.

Er det ikkje aktuelt med løyve etter første stykket eller utvising etter § 15 i denne forskrifta kan fjellstyre gjere vedtak om å vise den tidlegare seterbrukaren til å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa. §§ 17 og 20 gjeld tilsvarande for slike fester.

Fjellstyret gjer vedtak om at husa skal fjernes om korkje utvising, løyve eller feste er aktuelt.

Merknader:

Disse alternativene bør velges dersom det i allmenningen ikke er mangel på seter- og beiteområder og løsningen ikke vil være til ulempe for bruksutøvelsen.

Statskogs eventuelle tilsagn om feste etter fjerde ledd må gis under forbehold om tillatelse fra kommunale reguleringsmyndigheter der dette måtte være nødvendig.

Av fjerde ledd følger også at begrensningene mht rettslige disposisjoner i § 17 også gjelder i forhold til feste etter dette leddet. Også forskriftens § 20, om restriksjoner på bygningsmessige endringer og krav om punktfeste, gjelder tilsvarende enten seterbrukeren får tillatelse til å ha hus stående uten vederlag eller inngår festeavtale. Fjellstyret avgjør om hus skal fjernes eller ikke, og påser at krav om fjerning etterkommes.

§ 17

Får seterbrukaren ha husa ståande skriv Statskog ut eit eige dokument som vert tinglyst på allmenningen sitt blad i grunnboka.

Eigaren på garden skriv under på eit særskilt dokument som vert tinglyst på bruket sitt blad i grunnboka om at

- a. retten til å ha husa ståande utan vederlag ikkje kan overdragast eller pantsetjast utan saman med garden,
- b. kontrakt om bortleige eller annan liknande bruksrett ikkje kan stiftast om ikkje retten er stifta for ei tid av mindre enn 10 år utan rett for brukaren til å krevje forlenging eller fornying av kontrakten,
- c. dokument berre kan slettast med samtykke frå Statskog.

Merknader:

Dokumentet utarbeides av Statskog, og skal tinglyses på allmenningens grunnboksblad fordi det dreier seg om en rett som skal hvile på allmenningen. Dokumentet skal også tinglyses på gårdens grunnboksblad for å sikre mot at en senere eier av bruket overfører retten isolert, og at retten følger med når bruket selges (eller pantsettes). Utgiftene med å tinglyse erklæringen bæres av seterbrukeren.

§ 18

Statskog tek etter samråd med fjellstyret, avgjerd med omsyn til løyve til nybygging/ombygging el.l.

Før Statskog tek avgjerd skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Merknader:

Dersom en seterbrukere har fått tillatelse til å ha seterhusene stående etter forskriftens §16, er det Statskog som skal ta stilling til, og eventuelt gi tillatelse til, nybygging eller ombygging og lignende. Gjelder det endring av eldre seterbebyggelse bør saken forelegges for kulturminnmyndigheten før avgjørelse tas. Ved tillatelse til ombygging/nybygg må det tas forbehold om eventuell godkjenning/tillatelse fra kommunale bygningsmyndigheter.

Kapittel VI. Seterretten fell bort av andre grunnar. Seterhus til fritidsføremål. Overdraging av seterhus.

§ 19

Når seterretten fell bort av di drifta på garden er lagt ned og jorda teken i bruk til føremål utanom jordbruksnæringa, eller av di ein ikkje kan rekne garden som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jfr. § 2 andre stykket i lova, skal fjellstyret gjere vedtak om

- a. at setra skal visast ut til gardsbruk i drift som treng seter, jfr. §§ 1 og 2, eller
- b. at seterbrukaren kan føre seterhusa over til ein eigar av eigedom med bruksrett, som kan søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa, eller
- c. å vise den tidlegare seterbrukaren til sjolv å søkje Statskog om feste av tomt for seterhusa til fritidsføremål, eller
- d. at seterbrukaren fjerner husa om korkje utvising, overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Vert setra vist ut til eit anna bruk, skal fjellstyret gjere vedtak om at den førre seterbrukaren skal fjerne husa om ikkje han, innan ei viss tid, overdreg dei til den nye seterbrukaren.

§ 17 gjeld tilsvarande for festekontrakt oppretta etter første stykket bokstav b.

Før fjellstyret tek avgjer om fjerning av hus etter første stykket bokstav d eller andre stykket, skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Merknader:

Paragrafen angir de alternativer som foreligger og prioriteringen mellom dem. Den tidligere seterbrukerens ønske om å overføre seterhusene til en annen bruksberettiget som kan få festekontrakt (bokstav b), eller til selv å få festekontrakt (bokstav c), må derfor vike for den som trenger seter. Dersom alternativ d, fjerning av seterhus blir aktuelt, skal fjellstyret påse at krav om fjerning etterkommes.

§ 20

Ved oppretting av kontrakt om feste av seterhus til fritidsføremål, kan det takast inn særlege restriksjonar, med omsyn til restaurering, utviding og endring av seterhusa når dette er naudsynt på grunn av kvaliteten av husa, plassen der dei ligg, og tilhøve til eventuell anna seter med hus og seterdrift. I slike tilfelle skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Sjølv om festet gjeld fleire hus, skal ein nytte punktbeste (kontrakt om feste berre av grunnen huset eller husa dekkjer). Husa må vere av ein slik standard at dei kan tene føremålet, og naudsynte påkostnader må stå i eit rimelig tilhøve til verdet av husa.

§ 21

Dersom seterbrukaren overdrag seterhus til fritidsføremål, må han overdrage alle husa utan å halde noko attende.

Elles gjeld reglane i tomtfestelova ved overføring av festerett til seterhus.

Kapittel VII. Andre hus.

§ 22

Med samtykke frå Statskog og fjellstyret kan brukaren byggje om eller reie om uthus til bustad eller for utleige når det ikkje er aktuelt å ta opp at bruken av husa til ~~det føremålet dei tidlegare har ten~~ seterformål og endringa av bruken ikkje vil vere ei hindring for seterdrifta på denne eller andre setrer. Det skal opprettast særskild avtale om avgift, som vert fastsett av Statskog.

Uthusa er ein part av dei andre husa på setra og kan ikkje skiljast frå.

Før Statskog og fjellstyret gjev samtykke etter første stykket skal saka leggjast fram for regional kulturminneforvaltning til fråsegn.

Merknader:

Paragrafen gjelder de tilfelle der seterbrukeren ønsker å endre/ominnrede bestående hus på setra, som det ikke lenger er behov for til seterformål. Det kreves da samtykke fra både fjellstyret og Statskog. Fjellstyret og Statskog bør ta forbehold om godkjenning fra kommunale myndigheter.

Bygninger det ikke lenger er behov for til seterformål bør normalt kunne tillates ominnredet eller ombygget slik at de kan tjene hovedbruket på annet vis. Et avslag på søknad om ombygging/-ominnredning bør i tilfelle være begrunnet i eventuelle ulemper for driften på denne seteren eller andre setre, eller i at kulturminnehensyn tilsier at endringene ikke bør tillates gjennomført.

Seterhus som er tillatt ominnredet til fritidsformål etter denne bestemmelsen faller i det fri etter de samme regler som seteren for øvrig.

§ 23

Når det er naudsynt for drift av utvist tilleggsgjord eller for utøving av annan beitebruk enn setring, kan brukaren få føre opp hus etter løyve frå Statskog og på dei vilkår Statskog set.

Merknader:

Bestemmelsen om hus til annen beitebruk enn setring, må sees i sammenheng med regler om ordning av beitet i statsallmenninger etter fjellovens § 16. Når forholdene ellers ligger til rette for det, bør fortrinnsvis fjellstyret eller beitelaget stå som fester.

Fordi det nå legges opp til en utvidet forståelse av seterbegrepet kan det tenkes større pågang enn hittil for å få utvist seter. Fjellstyret og Statskog forutsettes derfor å føre kontroll med at søknadene er reelle og planene levedyktige, jf merknadene til § 1. Ofte vil den beiteberettigede være godt hjulpet med tillatelse til å sette opp hus i stedet for seterutvisning. For å hindre unødig etablering av nye setre, bør ordningen gjøres kjent lokalt, og Statskog bør, dersom det synes nødvendig, ta kontakt med beitelag. På samme måte bør fjellstyrene engasjere seg for å sette opp hus til felles bruk når dette er aktuelt.

Før Statskog avgjør søknaden, skal uttalelse innhentes fra fjellstyret. I tilfelle av uenighet mellom Statskog lokalt og fjellstyret, avgjør Statskog Hovedkontoret søknaden.

Kapittel VIII. Fjellstyrets og Statskogs saksførehaving. Klage.

§ 24

For saksførehavinga i fjellstyret gjeld føresegnene om einskildevedtak i forvaltningslova 10. februar 1967, jfr. § 10 i fjellova. Om førehandsvarsling og kunngjering av eller melding om fjellstyrevedtak, gjeld forskrift fastsett 8. juni 1983 med heimel i fjellova § 10.

Fjellstyrevedtak gjort i medhald av denne forskrifta kan påklagast til og omgjerast av Statens landbruksforvaltning etter reglane i kap. VI i forvaltningslova, med mindre noko anna går fram av den einskilde bestemmelse.

Merknader:

Når fjellstyret mottar klage på vedtak, og ikke finner grunn til å omgjøre sitt vedtak på bakgrunn av klagen, skal klagen og øvrige saksdokumenter sendes Statens landbruksforvaltning via Statskogs distriktskontor.

§ 25

Einskildvedtak gjort av Statskog i medhald av denne forskrifta kap. II og § 14, og som ikkje skal avgjerast ved skjøn, kan påklagast til Statens landbruksforvaltning etter reglane i kap. VI i forvaltningslova.

Kapittel IX. Endringer o.a.**§ 26**

Ved handsaming av saker etter denne forskrifta som samstundes gjeld tiltak som fell inn under lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, skal det sendast melding om det til regional kulturminneforvaltning, jfr. kulturminnelova §§ 25 og 28. Dette gjeld og saker kor det eventuelt kan tenkjast aktuelt med fredning etter nemnde lov.

§ 27

Landbruksdepartementet kan endre denne forskrifta og eventuelt gje ytterlegare forskrifter etter fjellova § 38 når røynslene gjer det ynskjeleg.

§ 28

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Endringar fastsett tek til gjelde frå